

PRESISERING OM GRAVER SOM MANGLAR FESTAR

I siste nummer av Helgestunder er det laga ei oversikt over graver som manglar festar, og der vi etterlyser ansvarleg for gravminnet. Til slutt i artikkelen står det: *På dei gravene vi framleis manglar festar ved utgangen av 2020, og som er eldre enn 30 år, vil gravminnet bli teke bort og destruert. På graver yngre enn 30 år, og som manglar festar ved utgangen av 2020, skal gravminnet få stå eit år til, før det vert teke bort og destruert.*

Den siste setninga er det kome reaksjonar mot, og enkelte spør: Har ikkje graver 30 års fredningstid i Høyanger? *Jau, fredningstida for grava er 30 år.* Den som er ansvarleg for grava kan setje opp gravminne, og er då ansvarleg for dette. Dersom ansvarleg for gravminnet manglar, søker vi opplysning om kven dette er, slik som no i Helgestunder.

Eg beklagar formuleringa som vart nytta i siste setning av artikkelen i Helgstunder.

Den er uheldig, og går for langt. Eg kan forsikre om at slike tiltak ikkje vil vere aktuelle med mindre gravminnet står til forfalls, er til sjenanse eller er til fare for dei som ferdast på gravplassen. Og at det i såfall vil bli gjenstand for grundig vurdering i Høyanger kyrkjelege fellesråd, før det blir snakk om å ta bort gravminne yngre enn 30 år.

Kyrkjeverja.



DEN NORSKE KYRKJA